



Årsmelding 2025

ÅRSMØTE

26. mars 2026

kl. 19:00

Askedalen 4, Digdir

Saker:

1. Konstituering
 - Opning
 - Godkjenning av innkalling
 - Val av ordstyrar, referent og to til å godkjenne møtebok
2. Godkjenning av årsmelding
3. Godkjenning av årsmelding og rekneskap for inkluderingsfond
4. Godkjenning av rekneskap
5. Medlemskontingent 2027
6. Investering kunstgrasbane og lysanlegg
7. Budsjett
8. Val

Innkomne saker:


EIN EKSTRA TAKK TIL
NOKRE AV DYKK SOM JOBBAR DIREKTE UNDER
SYRIL AU

Jørn Njøs! Du er ansvarleg for utlån og vedlikehald av Syril-bussen. Ein viktig jobb som alle særgruppene nyt godt av. Dette gjer du i ro og mak, og det er sjeldan vi høyrer frå deg. Vi set stor pris på jobben du gjer!

Johannes Thue for å gi oss plass parkering av bussen. Det set vi også stor pris på.

I tillegg ynskjer vi å takke Nils Magne Slinde, Reimund Loven og Eva Fosshagen. Tusen takk for at de framleis bistår oss i Syril AU.

ARBEIDSUTVALET 2025



VALDE GRUPPELEIARAR I 2025

HOVDSTYRET

Leiar Elianne Eggum
Nestleiar Sindre Børsheim Ramung
Kasserar Marianne Vara
Styremedlem Ronny Rydningen
Styremedlem Olav Øyen

FRIDRETTSGRUPPA

Leiar John Eivind Presterud
Nestleiar Tom Debu Nesvåg

HANDBALLGRUPPA

Leiar Heidi Ravnstad
Nestleiar Ragnar Brevik

SKIGRUPPA

Leiar Inga Henjum Halsnes
Nestleiar Ronja Vangsnes

TRIM- OG MERKEGRUPPA

Leiar Eva Hamre
Nestleiar Ingar Hals

VOLLEYBALLGRUPPA

Leiar Martin Stølen
Nestleiar Christian Kleiven

BARNEGRUPPA

Leiar Deta Gasser
Nestleiar Eddie Borlaug

FOTBALLGRUPPA

Leiar Erlend Husabø
Nestleiar Frode Alme

REVISOR

Tony Borlaug
Udvin Einar Skarsbø

HYTTESTYRE SKIHYTTA

Gro Selås
Susanne Svardal

STYRINGSGRUPPA KJERINGI OPEN

Roar Vangsnes
Karl Erik Johnsen

VALNEMD

Leiar Olav Haugen
Medlem Torhild Brudvik

TAKK TIL VÅRE HOVDSPONSORAR

SpareBank **1**
SOGN OG FJORDANE

Sognekraft

SIDAN 1907
Lerum

INTERSPORT

FRÅ STYRET

I 2025 har Syril framleis hatt eit stort fokus på å gjera laget til ei allsidig og attraktiv gruppe for både store og små, som blir gjenspegla i handlingsplanen til Syril.

Vi har som alltid fokus på allsidigheit og leik blant dei yngste, og har som mål at flest mogleg, skal vera i idretten lengst mogleg! I år har vi også hatt eit ekstra innsats opp mot dei som er nye i bygda, for å få dei inkludert i idrettslaget.

For å få til dette er vi avhengige av støtte og samarbeid frå alle kantar - våre eigne gruppeleiarar, sponsorar, foreldre og ungar m.m. OG det har vi!

Økonomi og rekneskap

I 2025 oppnådde idrettslaget eit årsresultat à kr 311.827. Dette er betre enn kva som var budsjettert (kr 260.000). Særguppene har jobba godt med økonomien, og har også dei levert gode resultat. Dette kjem ikkje av seg sjølv, og krev både iherdig dugnadsinnsats, aktivt sponsorarbeid og disiplinert økonomistyring. Bra jobba!

I 2025 hadde idrettslaget kr 3.106.000 i driftsinntekter (ned frå kr 3.526.000 i 2024). Dei viktigaste forklaringane på nedgangen er ein viss reduksjon i inntekter knytt til medlemskontingent og treningsavgift, i tillegg noko mindre driftstilskot og grasrotandel av spelemidlar. Heldigvis blir dette eit til ein viss grad vega opp for takka vere auka inntekter frå sponsorar og kiosksal. Til tross for dyrtid, held idrettslaget driftskostnadane på eit stabilt nivå, kr 1.804.000 (i 2024 var driftskostnadane på kr 1.889.000).

Likviditeten til klubben er framleis god, noko som gjer det mogleg for oss å gjere nye investeringar i anlegg i løpet av 2026. Hausten 2025 starta vi å førebu rehabiliteringa av kunstgrasbana og det tilhøyrande lysanlegget. Her budsjetterer vi med ei vesentleg investering av eigenkapital. Då kjem det godt med å ha nokre gode rekneskapsår bak oss.

Vi har ikkje hatt større investeringar i 2025, men har som budsjettert brukt noko midlar på rehabilitering av skihytta, på nye fotballmål og på utstyr til hhv, friidretten og til skileik på Kleppa (dei sistnemnte har vore fullfinansierte med eksterne tilskot).

I 2025 har ny treårig hovudsponsoravtale med Sognekraft kome på plass. Avtalen omfattar også Stavsete skifest. Vidare har vi inngått ein samarbeidsavtale med Hero Norge, som dekkar kontingent og treningsavgifter, slik at bebuarane på mottaket kan delta i Syril utan å sjølv måtte betale. Avtalen legg til rette for samarbeid på ein del andre område også, som informasjon om Syril, felles prosjektsøknadar mm.

Vi syns vi begynner å hauste fruktene av heildigital faktura- og bilagshandsaming, og er godt nøgde med det nye rekneskapsystemet vi innførte våren 2025. Det har vore mykje og godt samarbeid kasserargruppa, som i år har bestått av Marianne Vara (hovudkasserar), Tatjana Grbic (fotballkasserar) og Cecilie Dreyer Sørensen (handballkasserar). Vi trur det har mykje for seg å satse vidare på det gode samarbeidet mellom kasserarane i klubben.

Vi har sett stor pris på tenestene til revisorane våre, Udvin Skarsbø og Tony Borlaug, som i mange år har gjort ein framifrå jobb med kvalitetssikre rekneskapsen til Syril, og rettleie klubben i rekneskaps spørsmål.

Helsing Syril AU,
Elianne Eggum, Sindre B. Ramung, Olav Øyen og Ronny Rydningen

INNHALD

FRÅ STYRET	4
BARNEIDRETT	6
TRIMGRUPPA	8
SKI-GRUPPA	10
VOLLEYBALL	12
FRIIDRETT	22
HANDBALL	24
KJERINGI OPEN 2025	32
STAVSETE SKIFEST OG SOGNEFJORDRENNET	33
INKLUDERINGSFOND	33
ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2025	34
NOTAR 2025	37
REVISORMELDING	39

BARNEIDRETT

Arbeidet med barneidrett i Syril har i 2025 vore prega av oppfølginga av handlingsplanen som vart vedteken på årsmøtet i 2025. Det vart arbeidd med å etablere eit pilotprosjekt for dei to yngste kulla i Syril, med hovudmålet om å kunne tilby eit allsidig opplegg der barna blir kjende med fleire idrettar gjennom sesongane.

Målet var å få særgruppene til å samarbeide om å tilby eit opplegg der barna får trene i dei ulike idrettane éin gong per veke og bli kjende med fotball, friidrett, handball, ski og valfrie idrettar (til dømes orientering, sykling, turn, hinderløype, anna leikbasert trening) basert på eit fast årshjul. Prosjektet fekk namnet «Syril-rekrutt», og det vart gjennomført fleire møte i ulike samansetjingar, og det vart òg gjennomført ei medlemsundersøking.

For 2019- og 2020-kulla er det etablert ei prosjektgruppe som skal gjennomføre «Syril-rekrutt» for første gong frå sommarsesongen 2026. Framover vil det i arbeidet med barneidrett i Syril vere viktig å skilje mellom omgrepet «barneidrett», som omfattar all idrettsaktivitet for barn til og med det året dei fyller 12 år, altså inkludert alle aktivitetane i særgruppene, og omgrepet «allidrett», som er eit variert aktivitetstilbod der barn og unge får prøve ulike idrettar i fleire miljø, til dømes i sal, i skogen, på løkka, på snø, på is eller i vatn.

Per i dag finst det inga fungerande allidrettsgruppe i Syril, og hovudstyret må ta stilling til om dei ønskjer å etablere/aktivere ei slik allidretts-særgruppe med ansvarleg for Syril-rekrutt-prosjektet som allidrettsgruppeleiar, eller om Syril-rekrutt er meir prosjektbasert, med dei ansvarlege frå særgruppene som medlemmar i ei prosjektgruppe. Det bør presiserast at barneidrettsansvarleg, som Syril skal ha i følgje NIF sine reglar, ikkje er det same som ein allidrettsgruppeleiar.

VÅRE SPONSORAR OG GODE HJELPARAR

Takk til alle våre medlemmar som stiller opp for Syril kvar einaste dag. Utan den gode dugnadsanda, så hadde vi ikkje kunne tilbydd våre barn og unge, og vaksne, eit så godt tilbod som vi har. Vi finn dykk i alle endar av klubben, og vi ynskjer å rette ein stor takk til dykk alle!

Vi har også nokre gode sponsorar som vi heller ikkje hadde greidd oss utan, og som støttar oss år etter år. Vi oppfordrar alle våre medlemmar til å bruke våre sponsorar!

**GRASROT
ANDELEN**
NORSK TIPPING

Tusen takk til dei 305 Spelarane som til saman har støtta Syril idrettslag med 151 476 kr via Grasrotandelen i 2025!



TRIMGRUPPA

Trimkort i 2025 gjekk ned i år, det vart totalt selt ca 242 trimkort. Årsaka kan vera mange, men vi hadde problem med å få tilbake nye trimkort fort nok.

Det er alltid behov for rydding på enkelte stader, og vi har nokre få som hjelper til og er heldige som dei med å rydda sti og fjerning av velta tre osv. Tusen takk til dei hjelpsame folka.

Vi let bøkene ligge ute i kassene over vinteren og i trimsesongen vart det lagt ut nye bøker etter behov.

Vi nytta trimpostane som vi hadde i 2023, og nytta Stavatjørni også i år.

Trimtilbodet til Syril omfattar to typar klyppekort for premiering:

- Kort for dei som ynskjer å vitje alle 20 turpostane
- Kort med plass til 30 klypp (Trim 30) for dei som vil eller berre kan gå på nokre av

postane, fleire gonger

Korta kan kombinerast. Kjøper du begge typane kort og vitjar dei 20 turpostane, treng du berre 10 ekstra klypp/turar for å få fullt Trim 30-kort. Vi har i tillegg lagt opp til eiga trekning for barn fødte i 2007 eller seinare blant Trim 30-kort med minimum 20 klypp (Trim 30 - junior).

Inntektene frå sal av trimkort gjekk til premiar som er gåvekort à kr 750 for turpostane og kr 500 for Trim 30. Ein stor takk til Coop Byggmix Hermansverk og Små livsgleder for delspensing av premiane, noko som gjer at vinnarsjansen blir større. Små livsgleder og Essoen gjer det og enkelt for oss i samband med sal og innlevering av trimkort.

Vi vil og takke dei to andre sponsorane våre, Sogn Røyr og Byggmeister Langeteig & Volldal, som støttar aktiviteten vår.

Vi set stor pris på all hjelp vi får!

Styret i trimgruppa har vore: Eva Hamre(leiar), Ingar Hals (nestleiar) og Renate Sæle.

Vinnarar av turposttrimmen 20 og gåvekort à kr 750:

Silje Maria Søderholm – Små Livsgleder
Nils Magne Slinde – Byggvaren Coop Leikanger
Tonje Fjeld Hæreid – Små Livsgleder
Per Høgheim – Byggvaren Coop Leikanger

Vinnarar av Trim 30 og gåvekort à kr 500:

Mia Stadheim – Små Livsgleder
Tarjei Fykse – Byggvaren Coop Leikanger
Frida Fykse Lomas – Små Livsgleder
Linda Føleide Skinlo - Byggvaren Coop Leikanger
Siv Merete Stadheim- Små Livsgleder
Bente Høgheim - Små Livsgleder
Ingrid A. Amundsen Små Livsgleder
Linda Grebstad Grinde - Coop Leikanger
Knut Grinde – Byggvaren Coop Leikanger
Espen Sæterbø– Byggvaren Coop Leikanger

SKI-GRUPPA



Etter ei knallopning i 2024 var det dessverre for lite snø i 2025 til å kunne opne trekket på Kleppa. Tobias Dahle og Runar Oen fekk med seg fleire og gjorde alt klart, men det vart for lite snø. Likevel fekk prepperane seg nokre rundar med langrennspar innimellom, og stor takk til Sigurd Ask, Per Bjørk og Sverre Røyseth. Prepping av løyper kan ein få oppdatert på løyper.net.

Skihyttegruppa, med Gro Selås og Susanne Svardal i spissen, har i 2025 lagt ned mykje tid i oppussing av skihytta på Kleppa, og i løpet av året kom det på plass eit flott nytt kjøkken med hjelp av mykje dugnadsarbeid, og dei vil halde fram med oppdatering av garderobane i løpet av 2026.

Skigruppa hadde elles følgjande renn- og treningsaktivitet:

Birkebeinerrennet

Birkebeinerrennet var arrangert for 85. gang laurdag 15. mars 2025. Det stilte 7 løparar med postadresse Leikanger eller registrert i Syril. Ole-Morten Søderholm vart beste SYRIL-løpar uansett alder og kjønn og kom i mål på tida 3:44:49. Sogningar frå Leikanger og Sogndal hadde også i 2025 eigen buss frå Lillehammer til Rena og det var Eli Berge, Kåre Træen og Nils Magne Slinde som sytte for det praktiske med turen. Det vert buss også i 2026, men sidan det går nedover med deltakinga vert det truleg siste året med felles buss.

Skikarusell

Skikarusell er eit lågerskeltilbod til barn til og med 4. klasse. Arrangementet inngår som

ein del av Telenor skikarusell. Vi har òg ei bok i varmebua på Øvstestølen der borna kan skrive seg inn, og som tel som ein del av skikarusellen. Deltaking for 130kr for alle karusellane. Utdeling av startnummer skjer ved første karusell og blir samla inn etter siste. Det er premieutdeling på siste karusell, og alle som har betalt og gått minst ein gong får premie.

Dessverre påverka naturleg nok dei dårlege snøforholda Skikarusellen òg, og det vart berre ein karusell der det var ei lita løype nede på Kleppa og mulighet til å gå oppøve til Øvstestølen der det venta varm saft. Det var godt oppmøte med heile 86 påmeldte. Fleire karusellar vart det ikkje, men det vart likevel premiering utpå våren med orienteringsløype. Skikarusellen i 2025 vart arrangert av Dagfinn Ylvisåker, Leif Arne Stadheim, Morten Hansen og Terje Risøy.

Skileik

Skileiken for 1. til og med 3. klasse er som alltid populær når det er snø. Dessverre var snøforholda som nemnt, ganske varierende, men vi er ikkje kresne, og det vart fleire kjekke rundar med skileik og godt oppmøte frå 1. - 3. klasse. Det var òg tilbod til 4. klassingar og oppøver. Der var det litt færre deltakera, men Ada Ringen og Ronja Vangsnes tok med dei som ville opp på Øvstestølen for å gå litt på langrenn.

Trenera på skileiken for dei yngste var Simen Bækken, Olav Haugen og Inga Henjum Halsnes. Skileik er rett og slett leik med ski på beina, med klassiske leikar som troll over stein (stiv heks), stafett og kjekke løyper med morsomme

element i. Her får ein øvd seg på ski uten å vere klar over det, og det er ingen krav til noko kunnskap eller erfaring på ski frå før av.

Stavsete Skifest og NM i telemark og fjelltelemark

Som dei siste åra så har 1. etappen på Kjerdingi Open òg vore NM i fjelltelemark. I 2025 var det tre brødre som er vaksne opp i telemarksmiljøet i Syril som gjordet det godt med Einar som vinnar, og Halvard på 3. og Sigurd Henjum Halsnes på 5. plass.

Søskena Marte og Kristine Røyseth gjorde det og meget bra med 2. plass i NM junior og nr. 7 i NM senior.

I NM veteran gjorde og nokre brør ein fin innsats med Egil Johannes, Øystein og Roar Vangsnes som nr. 2, 3 og 5 i denne klassen.

I tillegg gode prestasjonar av Kristian Svedal i senior nr. 7 og Arne M Johnsen nr. 9 i veteran som totalt viser at Syril har lange tradisjonar i telemark og er i fremste rekke i fjelltelemark.

Viktig og å nemna at etter pandemien har Syril telemark holdt den nasjonale satsing på fjelltelemark oppe med å arrangera NM i fjelltelemark i samband med Kjerdingi Open kvart år sidan 2022. Dette er understreka av NSF telemark som vil ha fleire arrangørar på bana att innanfor greina. Fjelltelemark er meget viktig for både rekruttering og utvikling av ferdigheit.

Sognefjordrennet har sidan 2021 blir arrangert på Stavsete skifest og i 2025 var det rundt 50 deltakar, med rundt 20 elevar/lærarar frå Sogndal Folkehøgskule til start og mange lokale med tilreisande vener. Saman med dei yngste i kort løype, viste alle meget god meistring og skiglede. Stavsete skifest 2025 blei veldig bra, med meget god stemning på areaen, grilling og steiking av lappar og koking av kaffi på bål. Og med lavocamp med overnatting for dei som ønska. Søndag var det skredworkshop med tindevegleiar Gjert Grødal og rundt 15 deltakarar fekk ein lærerik runde i flott vær inn Svinadalen og med nedkøyring i heng under Svinadalseggi.

Syril telemark var og representert på Fonna telecamp jonsokhelga, Her var det flotta turar på breen og solnedagnsnedkøyring i magiske snøfold.


Syril er heldige som har ein eldsjel som Egil Johannes Vangsnes som står på for telemarksmiljøet både lokalt og nasjonalt.

Sirkeltrening

Fredagar kl 18.00-19.00 frå oktober til og mars har Torunn Grut lagt til rette for klassisk sirkeltrening for dei som ynskjer i Saften. Her kjem både store og små, og dei vaksne får trent kjernemusklatur mens ungane spring rundt og leikar. Det kostar 100 kroner per gong eller 500 for heile sesongen.

Styret og undergrupper

Inga Henjum Halsnes heldt fram som leiar i 2025, saman med Ronja Vangsnes som nestleiar. Skigruppa har fleire undergrupper som er godt etablerte og sjølvstyrte. Desse gruppene er Syril Telemark, Skikarusellgruppa, Løypepreparering, Skihytta og Skileik-gruppa.



VOLLEYBALL



Trening Syril volleyball desember 2025

Syril volleyball har hatt eit innhaldsrikt år, og gruppa har utvikla seg i takt med dette.

Dei fleste kjenner nok til Syril volleyball som eit enkelt tilbod under trimgruppa. Men, i 2024 vart volleyball etablert som ei eiga særgruppe, og har sidan då brukt mykje tid på planleggje og byggje opp nye tilbod. Dette har resultert i at vi i 2025 har etablert eit A-lag, tilbod for minivolleyball for born, tilbod til asylmottaket og etterkvart ein open hall for ungdom. Dette har vi gjort samtidig som vi har behaldt trim og moro for alle og einkvar.

Noko av det som skjedde i 2025:

A-laget er no etablert, og har i 2025 blitt invitert til å spele treningskampar mot fleire av dei etablerte laga i området, med motstand på 2. og 3. divisjonsnivå. Kjempegøy at vi har ein kjerne på 10–15 spelarar som er interesserte i dette. Vi har nå som mål å stille lag i 3. divisjon Sogn og Fjordane sesongen 26/27, evt året etter hvis det blir knapt med tid.

Vi har jobba mykje med integrering, og har ein eigen representant frå Ukraina i styret som arbeider opp mot asylmottaket. Heile året har vi hatt stor interesse og deltaking frå mottaket. Dei er så mange at dei har eiga bane kvar trening. Dette er unge og vaksne frå heile verda, som finn trening, avkopling og samhald hos oss i Syril.

I 2025 har vi prøvd ut treningar med

minivolleyball som ein del av fleiridretten for fleire av dei yngre kulla. Minivolleyball er utvikla av NVBF, med Kåre Mol i spissen, som eit pedagogisk og allsidig opplegg for å få born interesserte i balleik over nett. Vi gjennomførte òg eit trenarkurs på Leikanger i regi av NVBF, og har fått eigne lette minivolleyballar, longnett og anna utstyr gratis frå forbundet. Neste år håpar vi å utvide tilbodet med meir minivolleyball for dei kulla som er interesserte. Vi har hatt som mål å starte opp med treningar retta mot ungdom. Dette blei det dessverre ikkje tid til i 2025, og treningstidene våre var nok og litt sene for å kunne tiltrekke seg ungdommar på dei vanlege treningane våre. Men, vi satsar på å få eit tilbod satt opp i 2026!

Volleyballgruppa har denne sesongen trent tysdagar og torsdagar 20:00–22:00, med tre baner parallelt: A-laget, open klasse/trim og asylmottaket. Vi har ofte 20–30 spelarar på trening – det er inspirerende.

Styret for 2025 var: Martin F. Stølen (leiar), Christian Kleiven (nestleiar), Paula Snook (sportsleg leiar), Brage Navarsete (sandvolleyball), Anatolii Yashyn (integrering) og Borgtor Bøyum (kasserar).



Vennskapskamp i Belehalli oktober 2025



FOTBALL

Gute 9 på turnering i Sogndal.

Syril fotball fungerer i all hovudsak godt. Ca 100 personar deltek i drift av fotballgruppa i form av ulike verv som mellom anna trenarar, lagleiarar, styreverv, speaker, anleggsansvarleg, materialforvaltar, dommarar med meir. I tillegg kjem foreldre og andre som stiller opp på dugnader i løpet av sesongen. Alle desse fortener stor takk og applaus for innsatsen dei gjer for barn og unge på Leikanger!

Vi hadde 35 lag i årets sesong. Dette gjer oss til den 7. største klubben i Sogn og fjordane. Dette er veldig imponerende. Frå 2025-sesongen har vi sett oss som mål å ha lag i alle klassar, frå miniputt til senior for både jenter og gutar.

Vi arrangerte som vanlig kvalifisering til KM i futsal i februar i saften, og me hadde Tine fotballskule med rekordpåmelding i 2025. Begge desse arrangementa krev ein del dugnad, men gir samstundes gode inntekter og opplevingar til våre spelarar.

Interessa rundt Syril er stigande. I år blei det etablert ein supporterjeng, Eplekjernen. Dei

skapar ei fantastisk ramme rundt kampane, og vi gledar oss til å følgja dei i ein ny sesong.

Alt i alt har vi lagt bak oss ein veldig fin sesong, med mange nøgde spelarar og trenarar, gode sportslige resultat og vi driv på ein forsvarlig økonomisk måte. Heldigvis fortset mange i sentrale verv, noko som er veldig viktig for å sikre kontinuitet i arbeidet. I 2025 skal vi også resertifiserast som kvalitetsklubb, noko som vil krevje ein del arbeid, men vil gjera oss som klubb i enda betre stand til å drive godt, og gi eit godt tilbod til alle som vil på Leikanger.

Det har vore stor aktivitet i gruppa. Me har stor deltaking i mange årskull, og me har god rekruttering til nye miniputtar kvart år. Syril stadion er ein svært viktig møteplass i bygda. Kvar veke er det stor aktivitet alle ettermiddagar og kveldar med treningar og kamp. Også for foreldre, tilskodarar og andre er stadion ein triveleg sosial møteplass.

Det er ca. 280 aktive spelarar og i underkant av 500 personar er registrert som tilhøyrande fotballgruppa i medlemsregisteret i Syril.

MINIPUTT

Syril miniputt har hatt 95 aktive barn i 2025. Vi har stilt med eit eller fleire lag i alle klassar J6, G6, J7, G7, J8, G8, J9 og G9. Vi hadde ein fin oppstart for 2019-kullet med 21 nye barn. Jenter og gutar i kullet har trent saman gjennom heile sesongen, og hatt god oppfølging frå trenarar og lagleiarar.

Sesongen vart sparka i gang med Fotball kick-off på Syril stadion 30. mars. Laga har trent frå påske til haustferien og har nytta kunstgrasbana, 3-ar banene og grasbana på stadion. 30 foreldre har gjort ein kjempe jobb som lagleiarar og trenarar, og skapt mykje god aktivitet for barna.

Arrangement:

I tillegg til vekentlege treningar har vi delteke på Kongleriket miniputt, Lerum cup, Kiwi Bama-Cup og Vintercup. J9 og G9 har og delteke i ordinært sereiespel.

I juni arrangerte vi Lerum cup for 3-ar og 5-ar lag laurdag og søndag,

I august var vi arrangør av Kongleriket miniputt turnering. Vi har som tidlegare vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand. Om lag 100 lag og 350 spelarar deltok, og det var full fart på bana heile dagen.

Det var to kjekke og vellukka arrangement, mykje takka vere foreldre som stilte opp og gjorde ein kjempe jobb med dugnad og som publikum.

Dugnad for laga

Lag frå dei 3 eldste kulla har denne sesongen delteke på Bambusa-dugnad og Plast-dugnad. Begge desse dugnadane har gitt god forteneste til laga som kan nyttast til sosiale arrangement, cupar eller liknande.

J10/11

Trenarar: Sturle, Ronja, Lise og Deta

Lagleiar: Cecillie og Magne

Spelarar: Totalt 19 stk. 13 frå 2014- og 6 frå 2015 kullet.

Sportslege aktivitetar: 2014-kullet har denne sesongen delteke på Voss Cup

Sosiale aktivitetar: Felles avslutning med pizza på Leikanger Fjord Hotell

Oppsummering: Sesongen har gått bra, tap og seierar om kvarande.

Vi har hatt 2 lag med rulling, ingen faste lag. Det har vore ein fin sesong med dei 2 årskulla i lag.

J12

Trenarar: Birte Andersen Røysum, Arild Haugen og Svein Jarle Slinde

Lagleiar: Anita Stølen

Spelarar: Ingeborg Slinde, Isabell Røysum, Malak Alammar, Malin Dyrdal Lysne, Maria Lund Nygard, Selma England Skårhaug, Sophie Leiren, Thea Sofie Haugen og Victoria Stølen Synnevåg

Sportslege aktivitetar:

Seriespel med 7ar fotball. Me har spelt alle kampane som var satt opp og har stort sett hatt singlar, men eitt tap og ein uavgjort. Fantastisk innsats. Treningstid har vore på søndagar og tysdagar, i tillegg til moglegheit for fellestrening med J2012. Kampdag har vore på måndagar.

Jentene har delteke på Voss-cup og Kiwi Bama-Cup i år og. Etter sesongslutt har jentene delteke på Futsal-turnering og Vinter Cup. Sosiale aktivitetar: Etter plastdugnaden i vår, samla me jentene og serverte pizza. Jentene har fått tilbod om å være balljenter under fleire kampar på Fosshaugane og dei fleste har vore med.

Me har gjennomført trening på Ylvisåker, med pølsegrilling og bading etter treningsøkta. 13.-15. juni var me på Voss-cup, og me deltok på Kiwi Bama-Cup i oktober. Me hadde sesongavslutning med pizza og brus på Villmarka i desember etter ein lang fotballsosong.

Oppsummering:

Jentene har heldt fram med god sportsleg og sosial utvikling. Dei sportslege resultata har vore svært gode, og har gitt oss nesten berre singlar. Noko me kan vera stolte av! Fleire av jentene har hospitert på trening med J13/14. Voss-cup var eit stort høgdepunkt med kun singlar mot gode lag på ukjent underlag. Ein veldig kjekk cup. Me avslutta fotballsosongen med Kiwi Bama-Cup, men har etter sesongslutt delteke på både Futsalturnering og Vinter Cup.

Me takkar nok ein gong foreldre, søsken, besteforeldre og andre for publikumsoppmøte, heiagjeng, bakst og kioskvakter på kampane. Og sist, men absolutt ikkje minst, takk til våre fantastiske trenarane for ein kjempeinnsats gjennom ein fantastisk god og kjekk sesong.

Me har takka av Svein Jarle som trenar, men me gler oss over at våre flotte jenter frå Norane blir med oss vidare neste sesong, og me gler oss veldig til å bli kjent med 2012-jentene, fleire trenarar og fleire foreldre i 2026-sesongen.

J13/14

Trenarar: Ingeborg Myklebust, Anny Mari B. Jørgensen, Frode B. Alme, Eivind Røysum

David Henjum, Reimund Breisnes Loven

Lagleiar: Unni M. Havnen, Helga Maj Myren

Spelarar:

2011: Eirin Villand Alme, Elida Berge

Jørgensen, Emmelin Røysum, Leah Reksnes

Randen, Linnea Havnen Borlaug, Sara Røysum

2012: Ada Ese, Alva Rydningen Hamre, Astrid

Olea Loven, Kristina Njøs, Lilly Bukholm

Solbakken, Nathalie Henjum Slinde, Tiril Myren

Sæterbø, Tuva Sandal Anderson

Lånt av J12: Isabell Røysum

Sportslege aktivitetar:

I starten av februar hadde me vår fyrste utetrening, etter å ha trena inne i Saften før det. Me har hatt to treningar i veka gjennom sesongen, med godt oppmøte og engasjement på alle treningar.

I april inviterte me Kaupanger på treningskamp på stadion, og me fekk ein god peikepinn på formen og sesongen med seier over gjestene.

Me har hatt ein kjempeflott sesong der me har spela alle våre oppsette seriekampar, og vunne alle kampane bortsett frå eitt tap og to uavgjort. Med dette flotte resultatet vann me serien vår, og spelte mot Stryn og Høyanger i kampen om å bli kretsmeistarar. Stryn møtte me på heimebane, og etter ein spennande kamp gjekk me sigrande ut av kampen 1-0. Den siste og avgjerande kampen vart spelt borte mot Høyanger. Etter ein endå meir spennande kamp, som ikkje var avgjort før dommaren bles i fløyta på stillinga 0-0, kunne jentene feira at dei var vorte kretsmeistarar.

Cupar

Norway Cup

I år var turen komen til at 2011-jentene skulle få reisa på Norway cup, og med seg på laget hadde dei spelarar frå 2012 og 2013. Jentene hadde ei fantastisk veke i Oslo med mykje god fotball, spennande kampar, mykje sosialt og gode opplevingar. Jentene tok seg heilt til kvartfinalen, og reiste heim med mange gode

minner.

Ål Cup

2012-jentene reiste på Ål-cup, og hadde med seg nokre spelarar frå 2011 og 2013. Ei helg fylt med mykje sosialt og fotball. Gode prestasjonar på bana gjorde at dei tok med seg 2.plass og pokal heim.

Sosiale aktivitetar:

I mars samla me laget for å kickstarta sesongen med ein sosial ettermiddag. Me var på Statens hus, og lagleiarane og to av trenarane stod for aktivitetane. Det var blant anna teikning, bygging av marshmallow-tårn og adjektivforteljing.

Både Norway cup og Ål cup har vore fine og vellukka turar for jentene og støtteapparatet rundt. Turane har gitt gode opplevingar både på og utanfor fotballbana. Jentene har teke med seg mange gode minner heim, og ikkje minst eit godt samhold seg i mellom.

Som avslutning på sesongen, og for å feira at me vart seriemeistarar, leigde me Skyttarhuset og hadde ein fin kveld i lag med pizza og laserskyting.

Oppsummert:

Det har vore ein fantastisk sesong for jentene, som dei toppa med å bli kretsmeistarar.

Jentene har hatt fantastisk innsats og godt humør gjennom heile sesongen. Dei heiar på kvarandre og er gode førebilete når det kjem til fair-play.

Me har hatt eit stort støtteapparat rundt laget med 6 trenarar og 2 lagleiarar, og det har fungert veldig godt.

J15/17

Trenarar: Linda Fossberg og Anita Fossberg

Lagleiar: Espen Sæterbø og Helga Maj Myren

Spelarar: Sigrid, Emilie F., Emilie M. S, Emilie H.B, Evy, Lilly, Kathleen, Anniken Sofie, Maja, Mari, Andrea.

Har og hatt med spelarar frå j13/14 ved behov.

Sportslege aktivitetar:

Deltok i j15/17 9'ar avd 1 der laget fekk 4.plass som slutt plassering. To lag, Vik og Askvoll/Holmedal, trakk laget midtvegs i sesongen. Det vart totalt 10 kampar mot lag frå Sogn og Sunnfjord.

Sosiale aktivitetar:

Vi hadde sumarfest før sumarferien med pizza og kake medan vi såg gutelaget spele kamp. Avslutta året med avslutningsfest i Digdir sine lokale med pizza.

Oppsummering:

Fleire av spelarane hadde ikkje spelt fotball aktivt på mange år. Målet var å ha det kjekt, og gje eit tilbod til alle som ville vera med.

G10

Trenarar: Eddie Borlaug, Erlend Husabø, Hilde Berge Leirdal, Lina Lunde Christiansen og Tomas Hagen Moene.

Lagleiar: Cecilie Dreyer Sørensen

Spelarar: Anton Ferdinand Stibbe Vidnes, Edvards Garselis, Filip Borlaug, Henrik Lunde Midtun, Jaran Villand Alme, Jonas Eggum, Jonas Fjøsne Ese, Jonathan Dreyer Jordal, Khalil Almansour, Kyrlyo Kovalchuk, Magne Kalstad Sortevik, Mats Fjøsne Ese, Olai Ask Abrahamsen, Olav Holmøyvik, Olve Tveit Moene, Sander Berge Leirdal, Sigurd Brennset Gjerland, Tarjei Husabø Christiansen, Tellef Wilson

Gutar 10 har hatt ein flott sesong. Vi er 19 spelarar på trening, 18 som spelar kampar. Vi har hatt ei trening i veka åleine, og hatt tilbod om å trene med G11 på ei trening i veka. Godt oppmøte på begge økter, det er mange som er glade i å trene. Vi har hatt to lag i seriespel 7-ar, det eine

laget møtte Sogndal 1 og 3, Hafslo, Bjørn og Vik medan det andre laget møtte Jotun, Årdalstangen, Lærdal, Aurland, Kaupanger og Sogndal 2. Begge laga har smakt på både seier og tap, og har hatt fin utvikling både individuelt og som lag gjennom sesongen.

I juni deltok vi med to lag på Lerum Cup. Vi hadde med oss 5 spelarar frå J2015, dei bidrog positivt inn i gruppa både sportsleg og sosialt. I oktober deltok vi på Kiwi Bama-Cup i Sogndal med to lag. Kjekt å møte lag vi ikkje møter i seriespel, og ei fin oppleving for alle. Vintersesongen 25/26 deltek vi på vinterserie og futsal. Vi trener i Saften saman med 2014 og 2016.

I oktober fullførte og tre av trenarane trenarkurset «Grasrottrener 3 – mot ungdom, lengst mulig», og laget er dermed godt rusta for dei neste sesongane. Vi ser fram mot 2026-sesongen med den kjekke gjengen vår, og gler oss litt ekstra til å delta på Voss Cup i juni 2026.

G11

Trenarar: Rune Njøs, Torgeir Sværen Henjum, Inga Halsnes

Lagleiar: Hilde Vadheim

Spelarar: Adrian Tufte Mardal, Edvard Hillestad Rinde, Eirik Vadheim Henjum, Elias Engan Nesvåg, Ilja Bilous, Liam Havnen Borlaug, Olav Andreas Njøs, Olav Føleide Skinlo, Trym Røthe Henjum

Sportslege aktivitetar:

Har spelt i 7ar serie med Sogndal, Vik, Balestrand, Kaupanger og Jotun.

Har hatt 2 faste treningar i veka, der ein trening har vore i samarbeid med G10. Nokre av gutane har også delteke på 1 trening i veka med G12.

I juni deltok vi på Voss cup, første cup'en vår med overnatting. Der fekk vi låne med oss 2 spelarar frå G10 med fedre, og dei stilte sporty opp som keeper, utespelarar og støtteapparat.

Hadde ei flott helg både sportsleg og sosialt. Tusen takk til alle som bidrog til at turneringshelga vart så vellykka.

Helga etter fekk vi tilbod om å vere med G12 på Lerum cup, og her stilte vi med 3 spelarar. Kjekt å få vere med denne gjengen.

I oktober fekk me på nytt tilbod om å vere med G12 på Kiwi Bama-cup, og denne gangen stilte vi med 5 spelarar. Meldte på 2 blanda lag.

Oppsummering:

Godt oppmøte på treningar og kampar også denne sesongen. Me er ein liten gjeng, men med godt samarbeid både med G10 og G12 har me fått til ein god treningskvardag for alle.

Tusen takk for samarbeidet G10 og G12.

G 12

Trenarar: Andreas Thue, Svein Helge Steinsåker, Roar Midtun, Jomar Leirdal & Arek Lekki

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Spelarar: Vi har vore 13 ivrige gutar fødte i 2013 som har stått på gjennom heile sesongen.

Sportslege aktivitetar:

2025 har vore eit aktivt år for G12. Vi har hatt jamlege treningar både ute og inne, med futsal i vinterhalvåret. Laget har delteke i fleire cupar, Lerum Cup, Ål Cup, Kiwi Bama-Cup og Vintercup, i tillegg til seriekampar mot lag som Kaupanger, Sogndal, Hafslo, Bjørn, Vik og Lærdal.

Resultata har variert, men innsatsen har vore imponerende, og vi ser tydeleg framgang i både teknikk og samspel. Fair play og lagånd har vore i fokus heile vegen.

G11 har også fått høve til å trene saman med G12, noko som har vore positivt for eigne spelarar. I tillegg har G12 fått sjansen til å trene med G13/14, noko vi ser vi med fordel kunne nytta oss endå meir av. På cupar som Lerum Cup og Kiwi Bama-Cup stilte vi med samarbeidslag G11+G12, som gav gode erfaringar og styrka fellesskapet.

Sosiale aktivitetar:


Vi starta året med ein kjekk kick-off på Villmarka med pizza for spelarar og støtteapparatet, og hadde både foreldremøte og lagleiar-/trenarmøte før sesongstart for å sikre god dialog. I september samla vi laget til pizzakveld og sosial moro i det «nye» klubbhuset til herrelaget – noko som var veldig stas!

Under Ål Cup fekk vi ikkje berre spela mykje fotball, men også oppleve Høyt & Lavt klatrepark, som vart ein stor suksess og eit høgdepunkt for laget. I tillegg stilte vi opp på plastdugnad i mai, og under Lerum Cup vart det ekstra stas med OBOS-fest og god stemning.

Vi var også så heldige å få vere ballgutar på to heimekampar for Sogndal: 16. mai mot Åsane og 6. august mot Hødd. Dette var ei stor oppleving for spelarane, som fekk kome tett på toppfotballen og kjenne på stemninga på Fosshaugane.

Oppsummering:

Sesongen 2025 har vore prega av stor aktivitet, læring og glede. Spelarane har utvikla seg både individuelt og som lag, og vi har hatt eit fantastisk engasjement frå foreldre og støtteapparat. Vi ser fram til ein ny sesong med endå meir fotballglede og samhold!



Pause mellom kampene J7

G 13/14

Trenarar: Frode Danielsen, Kenneth Lomås og Steinar Aaland Eggum

Lagleiarar: Elin Borlaug Hauge og Solveig Tveit Eggum

Spelarar: Even Tufte Henjum, Per Theodor Bøyum, Eirik Borlaug Hauge, Sondre Tveit Eggum, Alexander Danielsen, Christian Haugen, David Johansen, Espen Oliver Thompson Steinsåker, Helge Aaland Eggum, Håvard Brennstet Gjerland, Kevin Andre Mo, Lars Kleiven, Oliver Buene Halveg, Sebastian Docando Eggum, Tarje Fykse Lomås, Elias Fredheim Espe og Bohdan Sapa.

Sportslege aktivitetar:

Treningar: to gongar i veka. Treningane har vore gode med ei fin spelargruppe på tvers av dei to kulla. Trenarane trekker fram det veldig gode samholdet som har vore i spelargruppa. Kampar: G 13/14 har hatt eitt 11 – ar lag denne sesongen. Dei hamna øvst på tabellen, og vart seriemeistrar i gruppa si. 13 singlar, 1 uavgjort

og 1 tap = 40 poeng!

Laget deltok også på futsalturnering i februar, og i sommar var me på Norway Cup. Det var ei veldig kjekk oppleving både på og utanfor bana. Laget spelte gode kampar, kom til B – sluttspellet, men rauk ut i 1/16 – finalen.

Sosiale aktivitetar:

G13/14 har hatt fleire sosiale aktivitetar knytt til dugnad, og ikkje minst i samband med Norway Cup. I oktober feira me seriemeistrane med pizza, tale, diplomar, quiz, sauna og fjordbad på Leikanger Fjord hotel. Det vart ei flott avslutning på sesongen.

Oppsummering:

G 13/14 har hatt ein strålende sesong. 11-ar laget spelte seg til øvst på tabellen i gruppa si. Årets høgdepunkt var Norway Cup. Spelarane har vore ein fin og samansveisa gjeng både på og utanfor bana. Dei hatt veldig gode og kjekke treningar, kampar og sosiale arrangement ilag.

G 15/17

Trenarar: Alexander Slinde, Christian Venes

Lagleiar: Linda Skinlo, Frode Berge Alme

Spelarar: Andre Venes, Arin Asperanden Navarsete, Aron Orrestad, Brede Villand Alme, Eivind Fosse Fidjestøl, Heine Njøs Verlo, Håvard Tveit Eggum, Isak Borlaug Hauge, Johan Gjerløw, Jonas Linde, Jonathan Moberg, Lucas Nornes, Markus Skinlo, Markus Solbakken, Martin Onsanthis Solbjør, Milian Asperanden Hauge, Nikolai Haugen, Robin Rendedal Mundal, Sander Holen, Sindre Fosse Fidjestøl, Stian Slinde, Theo Johan Nord Melås, Viljar Nesse Takle, Zein Alammarr

Frå G13/14 har Helge Aaland Eggum. Håvard Brennstet Gjerland, Kevin Andre Mo og Tarjei Fykse Lomås har og trent jevnt med laget og bidrege på kampar.

Sportslege aktivitetar:

Laget Vi har stilt 2 lag i årets sesong, Eit 11ar lag og eit 9ar lag. Det har gitt samtlige spelarar mykje speletid samtidig som gutar frå G13/14 har vore med å bidrege.

I ein veldig jamn 11ar serie er det spelt 12 kampar der det har blitt 6 singlar, 2 uavgjort og 4 tap. Det er scora 28 mål og sloppe inn 22. I 9ar er det og spelt 12 kampar og Syril vart avdelingsvinnar med 7 singlar, 1 uavgjort og 4 tap. Her vart det scora 67 mål og sloppe inn 45.

Gjennom sesongen har trenarane hatt fokus på at alle skal få bidra og få rikelig med speletid.

Laget deltok på Sandarcup i sommar. Det var ein kjempeflott oppleving både sportsleg og ikkje minst sosialt. Etter litt marginar i

mot i gruppespel gjekk laget til B-sluttspel. I B-sluttspellet gjekk dei heilt til topps med siger på straffekonk i finalen etter strålende innsats. Strålende innsats var det og utanfor bana med høg inkludering, godt samhold og artige påfunn.

Ein stor andel av spelargruppa har delteke på treningar med seniorlaget og 8 spelarar har fått speletid på seniorlaget gjennom sesongen.

Oppsummering:

Laget var veldig fornøgde med at Alexander og Christian tok på seg å lede laget eit år til. Dei har gjort ein strålende jobb gjennom sesongen.

Dei har i år som i fjor bidrege til å fått ein samansveisa gjeng på gutelaget som gjennom sesongen har hatt mykje gode opplevingar både på og utafør bana. Det er og komme inn spelarar frå andre klubbar gjennom sesongen. Andre og Stian meldte overgang frå Sogndal og gjorde comeback i tillegg til Robin som kom i frå Balestrand. Desse tre kom umiddelbart

godt inn i gruppa og har bidrege til godt sosialt samhold samt flott innsats på bana.

Dei aller fleste spelarane fortset neste år. Nokre går opp på senior og nokre få er i tenkeboksen. Med eit stort kull som kjem opp på G15/17 så blir det heilt sikkert mykje aktivitet på gutelaget neste år og.

Alexander og Christian ynskjer å trappe ned og ikkje ha hovudansvar neste år men dei blir med vidare i kulissane og bidreg innimellom.

SENIOR DAME 3. DIV

Trenar: Amalie Dimmen Henjum

Vi fekk på plass 7ar lag for damer i sesongen. Det var veldig gledeleg, og mange ulike damer i ulike aldrar deltok. Det var ein trening i veka, og det var sosialt og ein fin møteplass.

Sportsleg deltok ein på turnering for 7ar og det var mykje fint spel. I august arrangerte Syril turneringsdag, i flotte omgivelser.

Amalie Dimmen Henjum har gjort ein fantastisk jobb med å få på plass eit lag, og forten stor hyllest! Utover hausten og vinteren har dei treningar i gymsalen, og håpar å stille lag også i 2026.

SENIOR HERRE 5. DIV

Trenar: Eirik Espe Stensvand

Herrelaget spelte i ein jamn 5. divisjon i Sogn og fjordane. Troppen bestod av eit ungt lag, med mange lokale spelarar. Laget endte på 6. plass, men var mellom anna berre 7 poeng bak andrelassen som gav kvalifisering om opprykk.

FRIIDRETT



Friidrettsgruppa hadde god aktivitet i 2025, med utetrening på Syril stadion frå april til juni og frå august til oktober. Karusellane har vore kjekke aktivitetar for store grupper av dei yngste.

Trening

Utetreningane heldt fram som året før med treningar tysdag og torsdag for dei eldste. Treningane starta i byrjinga av april og heldt fram til slutten av juni, med avbrot for påskeferie og helgedagar. Totalt hadde vi 18 treningar ute på våren og forsommaren. På hausten hadde vi 18 treningar etter oppstart i midten av august fram til slutten av oktober.

Treningane var varierte, men med nokre felleselement i oppvarming, drill og tøying, før vi delte oss opp i fleire grupper etter interesse og spesialisering.

For dei under 10 år hadde vi treningar kvar veke i 2025. Det var treningar både tysdagar og torsdagar, med fleire grupper enn før og samla om lag 65 ungar. Her var det meir fokus på lek, men alle fekk prøve seg i løp, hopp og kast. Kjekt å sjå så mykje aktivitet på bana både før og etter sommarferien!

Til saman noterte vi om lag 100 aktive i alderen 6 – 17 år på ute-treningane.

I løpet av sesongen vart det arrangert fire friidrettskarusellar for born 6-10 år. I desse inngjekk øvingane 60-meter, lengde og liten

ball. Her var det god deltaking med rundt 70-80 utøvarar, og mange foreldre i sving i ulike dagnadsoppgåver.

For dei yngste gruppene har det i hovudsak vore foreldre som har vore trenarar, og det har vore god dekning på dei fleste aldersgruppene. Joakim Urdahl og Simen Bækken har hatt hovudansvaret for dei over 10 år.



Frå v: Gloppen, Førde, Syril og Jølster.

KONKURRANSAR

For dei yngste har vi arrangert interne karusellstemner som har hatt svært god deltaking. Nokre av dei yngre har også delte på stemner i kretsen.

KM på Byrkjelo

Det vart arrangert krinsmeisterskap på Byrkjelo 24. august 2025. Syril var representert av Håkon Yri på 100 m, 200 m, 400 m og lengde, og av Olav Brudvik Sunde på 100 m, 400 m og 800 m. Håkon vart krinsmeister for gutar 16 på 200 m med tida 28,69 og Olav vart krinsmeister for gutar 17 på 200 m med tida 24,51, som var ny personleg rekord.

Tyrvinglekene og Lillehammerlekene

Olav Brudvik Sunde deltok på fleire nasjonale konkurransar. Han representerte Syril på Tyrvinglekene i juni og vart nr. 8 i sin klasse gutar 17 på 400 m og persa med tida 53,79. På Lillehammerlekene seinare i juni sette han også pers med 24, 58 på 200 m, og kvalifiserte seg til Ungdoms NM (UM).

UM i Stjørdal

Olav var svært aktiv og kvalifiserte seg til Ungdoms NM (UM) i Stjørdal der han fekk ein svært sterk 6. plass på 400m i G17, med ny pers på 52,39. På UM deltok Olav også på 1000 m kretsstafett for Sogn og Fjordane



Bilde av Olav Brudvik Sunde, frå 400 m på UM. Foto: Kristoffer Randall, Norsk Friidrett.

Økonomi

Gruppa hadde ansvar for sal av lodd for Kjerdingi open-lotteriet. Gruppa selde lodd for 30.000 kroner som vart ei inntekt fordelt mellom friidrett og Kjerdingi Open. Inntekta bidrar til å balansere regnskapet og unngå behov for treningsavgift. Gruppa har ikkje søkt midlar i 2025. Men friidretten vart tildelt 80.000 kr i 2024 frå Sparebankstiftelsen Sogn og Fjordane for innkjøp av mobilt hus til høgdematta, og 35.000 kr frå Sture Husabø legat for innkjøp av utstyr som minihekkar og anna.

G17-G19, saman med Åsmund Sunde Førde (Jølster IL), Even Bjørkhaug (Førde IL) og Aksel Nedreberg Bergesen (Gloppen friidrettslag). Bilde av Olav Brudvik Sunde, frå 400 m på UM.

Resultat frå alle konkurransane, for 13år og eldre, er publisert på friidrett.no: <https://www.friidrett.no/kretser/sogn-og-fjordane/resultatside/>

Stadion

Trond Gjerland er baneansvarleg i friidrettsgruppa. Nye Syril Stadion var klar til bruk for friidretten i september 2021, og i 2023 kom lysmaster, gjerde og eit kastbur på plass, så vi har eit flott anlegg. I 2024 vart det kjøpt inn dekke til lengdegropene, og med nye tildelte midlar som kom på plass i 2024 er det i 2025 anskaffa mobilt hus til høgdematta og nytt treningsutstyr som medisinalballar, minihekkar og anna.



HANDBALL

Oppstarten på handballs sesongen i haust vart litt annleis enn tidlegare år.

Hallen har ikkje blitt direkte berørt av ombyggingsarbeida i Saften, men vi har mista tilgang til fleire garderobar, og einaste inngang til hallen har vore via dør på austveggen. Det har til tider vore utfordrande, men trenarar, spelarar og foreldre har vore positive, og gjennomført både enkeltkampar og treningar som vanleg.

Halleigar har hatt god dialog med handballkrinsen, og alle turneringar før jul vart arrangert andre stader. No gler vi oss til å invitere til miniturnering for dei i alderen 6-8 år og kortbane 9-10 år i mars 2026. Anleggsarbeidet vil ikkje vere ferdig, men vi vil tilpasse oss til dei forholda som er.

Til tross for at tilhøva i og rundt hallen har vore annleis, har aktiviteten vore høg. Talet aktive spelarar i klubben held seg relativt stabilt. Det er positivt at Syril handball framleis klarar å tilby eit solid aktivitetstilbod til årskulla på aldersbestemt nivå, frå dei yngste 6-åringane og oppover.

Totalt har Syril stilt 18 lag i vårsesongen, og 14 lag i haustsesongen.

Det har vore utfordrande å stille lag i 12-14-års klassa i sesongen 2025/2026, men vi har løyst det med eit felles gute -og jentelag som spelar i G12, og ved at fleire yngre spelarar har teke steget opp i 16-årsklassa. Syril er den einaste klubben i Sogn som stiller lag i gutar 16, dette er vi stolte av. Eit av høgdepunkta var turnering i april, då J15, G13 og G14 var med på Rosecup i Molde saman med fleire tusen andre handballspelarar. Ei ekstra takk til trenarar og lagleiarar som legg ned mykje innsats for å gje

ungdommane eit kjekt og godt handballmiljø i Syril.

Vi klarte heller ikkje i 2025 å stille eit seniorlag i 4. divisjon kvinner. Men vi har også i år delteke i Trivselserien, og spelt mot lag frå Aurland, Bjørn, Årdal, Sogndal og Årdalstangen. Fleire av J16-spelarane har også vore med. Trivselserien er ein god læringsarena for yngre spelarar, fordi dei her møter spelarar med meir rutine. Trivselserien og J16 trenar ilag på måndagar, og her er det absolutt plass til fleire. Saknar du å trene handball og ha det kjekt ilag med andre, men ikkje kampoppsettet som følgjer med divisjonsspel – då er dette aktiviteten for deg!

Klubben har drive godt på dommarsida dei siste åra. I vårsesongen hadde vi fire aktive som dommar 1, i tillegg til 5-6 dommarar som dømmer miniturnering/kortbaneturnering. Vi mista nokre dommarar i haust, men klubben har framleis ei stabil dommargruppe som dømmer opp til G/J12. Vi har ingen på dommar 1-nivå sesongen 2025/2026. Målet er å klare å halde på ei jamn rekruttering, både nye dommarar og å vidareutdanne fleire på dommar 1-nivået. Dette er viktig både for klubben og handballmiljøet i fylket/Region Vest.

Takk til alle som stiller opp for at Syril handball! Til alle trenarar og lagleiarar som stiller på kamp og trening kvar veke. Til alle dei som bidreg under arrangementa våre. anten det er i kiosken, som speaker eller sekretariatet, og stiller som vakt eller bakar kaker. Til slutt ein stor takk til dei gode samarbeidspartnarane våre for deira bidrag til Syril handball!

G/J 6

J/G2019 starta opp med handball inne i hallen etter haustferien. Dei har vore samla i ei treningsgruppe, og har vore 19 ungar som har deltatt. Det har vore fokus på lek, ballkontroll og trivsel. Vi har til no ikkje deltatt på turnering, men skal vere med på vår første no i februar.

Trenarar har vore Sigrun Espe, Gunnvor Tisthamar Røysum og Stine Mundal Aase.

J7

J7(2018)
Vårsesong:
Trenarar: Elianne Eggum og Hege Lill Reksnes
Lagleiar: Karoline Kalstad
14 spelarar

J7 FORTS.

Haustsesong:
Trenar: Elianne Eggum
Hjelpetrenarar: Leah Reksnes Randen og Nathalie Henjum Slinde
Lagleiar: Karoline Kalstad

12 spelarar
Turneringar vi deltok på i 2025: Syril i januar, Aurland i mars, Sogndal i november
Vi deltok med to lag i januar og november, og eitt lag i mars.

Vi har hatt ei trening i veka, nokre av treningene har vore brukt til rein barneidrett og eine treninga hadde vi innføring i volleyball.



G7 (2018)

Trenarar: Heidi Askestad, Ingvill Njøs og Cecilie Njøs Høgheim.

Trenar barneidrett: Sindre Ramung

Lagleiar: Inger Nes Henjum.

Spelarar: Are, Arian, Johan, Johannes, Gustav, Hiziel, Omar, Nikolai, Edvin, Viljar og Eilif.

G7 trenar onsdagar, og har tre handballtreningar og ein barneidrett i månaden. Det er same gutegjengen som har vore med heile året, ingen fråfall. Dei viser stor glede og framgang på treningar og turneringar. G7 deltok på alle 3 turneringane i vårsesongen, og 2 turneringar i haustsesongen.

G8 (2017)

Vår 2025

Trenarar: Siw Anette Busk Grinde, Stine Mundal Aase, Tom Nesvåg og Cecilie Dreyer-Sørensen

Lagleiar: Ida Jørstad Røysum

Treningstid på onsdagar med fokus på leik og meistring.

Trenarar: Stine Mundal Aase og Grethe Olin Engan

Lagleiar: Ida Jørstad Røysum

Treningstid på måndagar med fokus på leik og meistring.

Vi er 18 spelarar denne sesongen. Vi deltok i haust på to turneringar, då den tredje blei avlyst. Vi har stilt med to lag på kvar turnering.

Det var med 19 gutar på treningane. Vi har deltatt på turneringar med to og tre lag.

J8 (2017)

Vårsesongen 2025:

Spelarar: Aurora Filmon, Frøya Espe Brevik, Ingrid Vadheim Henjum, Nour Hajji, Lilly Ravnstad Simonsen, Luna Marifjæren, Maja Aasen Myklebust, Maren Louise Lunde, Mia Stadheim, Tiril Oppedal-Bakken

Marifjæren, Maja Aasen Myklebust, Maren Louise Lunde, Mia Stadheim, Sigrid Kvame-Sundby, Tiril Oppedal-Bakken.

Trenargruppa: Sigrun Espe (trenar), Åsa Ramung Husabø (hjelpetrenar), Heidi Ravnstad (lagleiar)

Trenargruppa: Sigrun Espe (trenar), Åsa Ramung Husabø (hjelpetrenar), Hildegunn Høgheim (lagleiar)

Vårsesongen hadde vi felles trening med jenter fødte i 2016; Eira, Hedda, Selja, Thea, Tone og Lisa.

Vi deltok på tre turneringar, ei på heimebane og to turneringar i Sogndal. Det var jamne kampar, og det handla mest om speleglede og godt humør. Det var likevel kjekt å sjå ei utvikling i spelet og auka meistring gjennom sesongen.

I haustsesongen vart vi fleire spelarar, og det var veldig kjekt. I alt er vi 12 jenter, og vi har hatt våre treningar torsdag ettermiddag. Fordi det berre var Syril og Sogndal som hadde meldt på lag til turneringane i haustsesongen bestemte vi oss for å bli med på turneringar i Nordfjord for å få litt meir variert motstand. Det same gjorde Sogndal.

Vi tok turen til Sandane og Eid i november og desember. Det var litt lang reiseveg, men med ivrige spelarar, positive foreldre og påfyll på BakarJon vart dette kjekke og sosiale turar.

Frå vårsesongen er det fleire lag påmeldt i Sogn, og vi vil difor spele turneringar i vår eiga sone.

Haustsesong 2025:

Spelarar: Aurora Filmon, Ella Tveita, Frøya Espe Brevik, Ingrid Vadheim Henjum, Nour Hajji, Lilly Ravnstad Simonsen, Luna



J8



G9 (2016)

Trenarar: Elianne Eggum og Solrun A. Njøs
Spelarar: Amund Olai Loven, Brage Moe Ylvisåker, Hugo Hjønnvåg, Mohammed Almansour, Nicolai Buene Bøyum, Ole Magnus Eggum, Sverre Njøs Amundsen
Lagleiar: Idunn Brenno

G9 har denne sesongen vore ein liten, men samansveisa gjeng. Vi er få spelarar, men akkurat nok til å stille lag – og det gjer vi med stort engasjement og speleglede.

Hausten 2025 valde vi å ikkje stille eige lag i serien, men det vart raskt tydeleg at det både er kjekkare og meir utviklande for spelarane å spele i eigen serie, mellom anna med tanke på speletid og meistringskjensle.

Denne sesongen har vi trena ilag med G10. Dette samarbeidet har fungert veldig godt, både sportsleg og sosialt. Vi har mange engasjerte trenarar frå begge kull, noko som har bidrege til god kontinuitet og eit trygt og godt treningsmiljø for barna.

Framover håpar vi på rekruttering av fleire spelarar, og vi ønskjer oss fleire lag i serien for å gi eit endå betre kamptilbod til spelarane.



J10 (2015)

Vårsesongen 2025:
Trenarar: Cecilie Njøs Høgheim og Marianne Steinsøy
Lagleiar: Guri Fardal
Spelarar: Alida, Frida R, Frida K, Nathia, Tiril, Mila, Ida Elea og Ragnhild (8 spelarar)

Trening måndagar. Våren gav oss god kamptrening, med deltaking på fire turneringar: to i Årdal, samt turneringar i Sogndal og Aurland. Laget har no fått god rutine på 5 ar handball (kortbane), og vi ser ei tydeleg og positiv utvikling i spelet sidan førre sesong.

Haustsesongen 2025:
Trenarar: Cecilie Njøs Høgheim og Marianne Steinsøy
Lagleiar: Guri Fardal
Spelarar: Alida, Frida R, Frida K, Nathia, Tiril, Mila, Thea, Hedda, Selja og Tone (10 spelarar)

Vi trenar på onsdagar. Etter sommaren vart J9 og J10 slått saman til eit J10-lag. Vi har delteke med to lag på turneringar denne hausten, mellom anna i Aurland og Sogndal.

For spelarane som kom frå J9, har det vore litt nytt å spele 5-ar handball, men dei har lært raskt. Det er svært kjekt å sjå både samholdet og den fine utviklinga i laget. Vi gler oss til resten av sesongen etter jul.

G10 (2015)

Trenarar: Anne Brennset Gjerland, Cecilie Dreyer Sørensen, Lina Lunde Christiansen (våren 2025)
Lagleiar: Ingrid Ask (sesongen 2024/2025), Lina Lunde Christiansen (sesongen 2025/2026)

Spelarar sesongen 2025/2026: Alvar Le Nes, Anton Ferdinand Stibbe Vidnes, Filip Sandal Borlaug, Jaran Villand Alme, Jonas Eggum, Jonathan Dreyer Jordal, Khalil Almonsour, Olai Ask Abrahamsen, Olve Tveit Moene, Sander Berge Leirdal, Sigurd Brennset Gjerland og Tarjei Husabø Christiansen.

Vårsesongen 2025 hadde vi med oss to spelarar frå 2014, Liam og Olav S. Vi spelte kampar mot Aurland, Jotun, Hyen og Sandane. Kampene på Sandane med påfølgjande bading i det flotte anlegget i Trivselshagen var eit høgdepunkt.

Sesongen 2025/2026 er vi sett opp i avdeling med Aurland og Jotun. Vi trenar saman med G9, og dei var og med på den første kampdagen vi hadde i år. Fint at vi kan samarbeide på tvers av kulla om både trening og kamp. Gutane er ivrige, spesielt når den gule drakta kjem på, og viser fin utvikling. Kampene inneheld gode redningar, strøkne pasningar og elegante hoppkot.



J11

Spelarar: Anna Kvam Holst, Anna Liv Scheiber, Anne Lise Docando Eggum, Jenny Sætre, Johanne Emilie Oppedal Bakken, Linnea Borlaug Stølen, Nora Ravnstad Simonsen, Nora Vangsnes Henjum, Synne Instefjord Brekken, Tuva Røysum Bjelde
Trenarar: Kine Borlaug, Marianne Røysum, Hanne Brekken Oppedal, Marianne Sætre
Lagleiar: Heidi Ravnstad

Vårsesongen heldt fram i same gode trend som hausten, med turneringshelgar i Årdal og Sogndal. Det var tette kampar og god utvikling i spelet.

I haust gjekk vi frå kortbane til 6ar handball, spel på ordinær handballbane med nedsenka tverrliggjar. Det var ikkje lengre turneringar, men enkeltstående kampar mot lag i vår sone. På bortekampar til Årdal har vi spelt dobbeltkampar; først i øvre mot Jotun og deretter Årdalstangen. I tillegg har Sogndal fleire lag i denne gruppa.

Alle spelarane og trenargruppa vart med vidare frå vår- til haustsesong, og overgangen til full bane gjekk knirkefritt. J11 ein samansveisa og motivert gjeng, solide i forsvar og alle spelarane prøvar seg på skot på mål. Det vart ikkje turnering i 2025, men det er eit mål for neste år.

G12 (2013/2014)

G12 handball vart etablert hausten 2025. Dette er eit nyoppstarta lag med totalt 12 spelarar.

11 spelarar fødde i 2013; Oliver Lekki, Adrian F Thue, Webjørn L Midtun, Daniel Kitashvili-Melås, Aksel-Johan Loven, Aksel Lucas T. Steinsåker, Aslak R. Husabø, Synne I. Brekken, Victoria S. Synnevåg, Isabell Røysum

2 spelarar fødde i 2014: Olav Skinlo, Liam Borlaug

Av desse er 3 jenter
Lagleiar: Linda Skinlo
Trenar: Tor-Einar Skinlo

Aktivitet

Laget har hatt faste treningar gjennom haust- og vintersesongen. Treningane har hatt fokus på grunnleggande handballferdigheiter, leik, samspel og trivsel. Alle spelarar har fått delta aktivt, med vekt på meistring og inkludering. G10 har delteke med to spelarar fast på treningane.

Kampar og turneringar

Laget har delteke i aldersretta kampar/aktivitetar i regi av handballkretsen. Hovudfokus har vore lik speletid, læring og trygg deltaking.

Foreldresamarbeid

Foreldregruppa har bidrege positivt i samband med trening, kampar og praktisk organisering.

Oppsummering

Oppstarten av G12 handball har vore vellukka. Laget har etablert eit godt sosialt og sportsleg miljø, og dannar eit solid grunnlag for vidare utvikling komande sesongar.



Det er ein flott gjeng med Syril-jenter - J15!

J 15 (F. 2009/2010)

Vårsesongen 2025

Trenar: Tor Einar Skinlo
Hjelpetrenar: Evelyn Saltnes Slinde
Lagleiar: Torill Felde
Spelarar J15: Oline, Sara, Sarah, Emilie F, Malin, Evy, Lilly, Emilie MS, Emily, Sandra, Tuva og Anna.

Laget trena i lag med J16, det var trening på tysdag og onsdag. Samarbeidet med J16 bidrog til ein veldig bra treningskvardag. Det var godt oppmøte på treningane, dei hadde god innsats og var ivrige etter å lære meir.

Vi stilte lag i J15 der vi spelte serie med 10 andre lag frå heile Sogn og Fjordane, så vi fekk sett oss rundt i fylket i løpet av sesongen. Det var 13 seriekampar etter jul. Fleire av jentene spelte i tillegg kampar på J16-laget.

I april var vi med på Rose-cup i Molde, det var både kjekt og sosialt! Vi overnatta på skule og spelte kampar i hallen like ved. Tor Einar gjorde det enkelt for oss med transport, vi hadde Syrilbussen. Det var ei fin avslutning på ein lang handballsesong der vi fekk spelt kampar mot nye/ukjende lag.

J 16 2008/09/10/11/12

Haustsesongen 2025

Trenar: Kristine Linde Røyseth
Hjelpetrenarar: Maria Slinde, Evelyn Saltnes Slinde, Tor Einar Skinlo
Lagleiarar: Torill Felde, Hege-Lill Reksnes
Spelarar: Astrid, Emmelin, Leah, Linnea, Åsa, Emilie F, Oline, Sara, Sarah, Amalie, Anna, Emilie MS, Lilly, Malin, Theresa, Anniken Sofie, Carina og Emilie HB.

J16-laget er samansett av jenter frå mange årskull. Vi har dispensasjon på tre overårige og har i tillegg med nokre yngre jenter (fødde i 2011 og 2012) då desse manglar tilbod/lag for si årsklasse.

J16 har to treningar i veka, måndag og onsdag. Det har vore litt varierende oppmøte på treningane på grunn av andre aktivitetar på same tid m.m. Måndagane har vi eit redusert tilbod sidan vi berre har 2/3-hall den første timen, det er ikkje optimalt for J16. Det er og utfordrande å få til ein god treningskvardag

for alle når jentene er så pass ulike, både fysisk og teknisk. Nokre av jentene trenar i tillegg med G16 og/eller er med på Trivselsserien. I haustsesongen har dei spelt mot 11 lag frå heile fylket, i felles serie for J15 og J16. Det var totalt 9 kampar før jul. Vi måtte trekke oss frå to av kampane (dobbeltkamp) på grunn av få spelarar, resten av kampane gjekk som planlagt.

Sidan det er stort aldersspenn på jentene så har vi prøvd å jobbe med det sosiale, og skape gode og trygge rammer for alle. Vi hadde julebord der vi fekk vere i Mediateket på barneskulen, det var veldig koseleg. Vi hadde også overnattingstur på Vegvesen-hytta på Utvikfjellet i midten av desember, når vi skulle ha bortekampar mot Stryn og Gloppen. Det er ein flott gjeng med jenter. Dei tek ansvar og står på, er positivt innstilte og bidreg godt alle saman.



Lagbilde etter kamp mot Sogndal – vi vann!

G14 og G16

Sesongen vinter/vår 2025:

Trenarar: Mari Fykse, Stine Mundal Aase

Lagleiar: Solrun Njøs Amundsen, Anne Brennset Gjerland

Spelarar: Espen Oliver Thompson Steinsåker, Johannes Njøs Amundsen, Tarjei Fykse Lomås, Håvard Brennset Gjerland, Oliver Buene Halveg, Lukas Birkeli, Aron Orrestad, Jonathan Moberg, Lucas Nornes, Ragnar Valvik, Sindre Fidjestøl, Nikolai Aase Haugen, Markus Føleide Skinlo, Kevin Andre Mo, Yngve Nesse Takle, Håvard Tveit Eggum

Sportslege aktivitetar:

Gutane hadde trening to dagar i veka. Det var godt oppmøte på trening. Spelarane gir uttrykk for at det er moro å spele handball og det er stort engasjement. Då det var mange spelarar med vart det stilt med to lag. Det gav mykje speletid til alle spelarane. Syril spelte i serie mot Bremanger, Gloppen, Florø/Eikefjord, Florø, Stryn, Askvoll og Jølster. Årdalstangen trakk seg i sesongen.

Sosiale aktivitetar:

I palmehelga reiste fleire av gutane på Rosecup i Molde. Her stilte me med to lag, eit i G14 og eitt i G13. G13 kom til finalen, men vart dessverre tap. Veldig sosialt og kjekt å reise på tur ilag. Ein fin turnering med alt i kort avstand og gutane gjekk i byen og kosa seg i lag mellom kampane. Kjekk gjeng å reise på tur med.

Sesongen haust-vinter 2025:

Trenarar: Mari Fykse, Tor Einar Skinlo

Lagleiar: Anne Brennset Gjerland, Solrun Njøs Amundsen

Spelarar: Espen Oliver Thompson Steinsåker, Johannes Njøs Amundsen, Tarjei Fykse Lomås, Håvard Brennset Gjerland, Lukas Birkeli, Lucas Nornes, Ragnar Valvik, Sindre Fidjestøl, Nikolai Aase Haugen, Markus Føleide Skinlo, Viljar Nesse Takle.

Sportslege aktivitetar:

Denne sesongen er det gutar 16. Gutane har hatt to treningar i veka. Det har vore varierende oppmøte på trening. Gutane viser stort engasjement og er flinke til å ta imot tilbakemeldingar. Denne sesongen har me berre eitt lag. Me merkar at gutane blir eldre, og vanskelegare å konkurrere med andre ting dei gjerne heller vil bruke tid på. Me har hatt ein del fråfall, også i løpet av sesongen. Har ikkje klart å stille på to kampar pga. sjukdom. I serien spelar dei mot Sandane, Florø/Bremanger, Askvoll/Dale/Høyang, Stryn/Eid og Jølster.

Sosiale aktivitetar:

I haust har gutane og foreldra vore ivrige på dugnad. Ein har derfor fått inn ein heil del pengar som er med å dekke tur på cup. Vi har no vore på Youth Cup i Oslo i forbindelse med handball EM for herrar (i 2026). Ei veldig kjekk helg for gutane.

Ei helg har vi reist på overnattingstur til Stryn, det har blitt tradisjon, tredje året på rad. Dette har både spelarane og dei vaksne syns vore veldig kjekt! I tillegg til å spele kampar har dei då spelt brettspel og inntatt store mengder smågodt.

Rosecup i Molde 2025, blanda lag J/G 15



INKLUDERINGSFOND

Årsrapport for Idrettslaget Syril sitt inkluderingsfond

Stønad frå fondet

Fondet har betalt ut kr. 9 816,65 i stønad i 2025. Tilskota har vore gitt til fotballaktivitet; om lag kr. 7 800 til deltaking i cupar ol. og kr. 2 000 til utstyr.

Status

Fondet har pr 31.12.2025 kr. 45 987 til disposisjon. Det verkar som fondet no er godt kjent i laget. Det kan tyde på at behovet ligg på mellom kr. 10 000 og 20 000 pr. år. Men det er likevel viktig at alle bidreg til å informere om fondet,

slik at dei som treng stønad, veit om tilbodet. Fondet vert forvalta slik at alle er sikra full anonymitet og fondsforvaltninga praktiserer streng taushetsplikt.

FONDSFORVALTINGA

Fondsforvaltninga har i 2025 bestått av fondsleiar Reimund Breisnes Loven og Nils Magne Slinde.

REVISOR

Idrettslaget Syril sitt styre skal revidere fondsforvaltninga sitt rekneskap som er vedlegg til denne årsrapporten.

Leikanger 24. mars 2026
Reimund Breisnes Loven og Nils Magne Slinde

ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2025

IDRETTSLAGET SYRIL
975 700 526

Resultatrekneskap

	Note	2025	2024
Driftsinntekter			
Salsinntekt		1 470 649	1 440 676
Anna driftsinntekt		1 635 966	2 085 674
Sum driftsinntekter		3 106 615	3 526 349
Driftskostnader			
Varekostnad		-518 801	-415 338
Lønskostnad		-62 561	-36 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	1	-410 987	-464 763
Annan driftskostnad		-1 804 199	-1 888 849
Sum driftskostnader		-2 796 547	-2 804 950
Driftsresultat		310 068	721 399
Finansinntekter			
Anna renteinntekt		1 977	2 191
Sum finansinntekter		1 977	2 191
Finanskostnader			
Annan rentekostnad		-218	-16 250
Sum finanskostnader		-218	-16 250
Netto finans		1 759	-14 058
Årsresultat	2	311 827	707 341
Overføringer			
Annan egenkapital		311 827	707 341
Sum overføringer		311 827	707 341



IDRETTSLAGET SYRIL
975 700 526

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGEDELAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og anna fast eiendom		4 570 485	4 683 689
Maskiner og anlegg		474 976	447 827
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner, o.l.		708 811	886 014
Sum varige driftsmidler	1	5 754 272	6 017 530
Sum anleggsmidler		5 754 272	6 017 530
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar		16 739	42 973
Andre kortsiktige fordringar		235 819	266 002
Sum fordringar		252 558	308 975
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		2 988 848	2 231 477
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		2 988 848	2 231 477
Sum omløpsmidlar		3 241 406	2 540 451
SUM EIGEDELAR		8 995 678	8 557 981

IDRETTSLAGET SYRIL
975 700 526

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		8 576 347	8 364 520
Sum opptent eigenkapital		8 576 347	8 364 520
Sum eigenkapital		8 576 347	8 364 520
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		64 878	154 571
Anna kortsiktig gjeld		354 453	38 890
Sum kortsiktig gjeld		419 331	193 462
Sum gjeld		419 331	193 462
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		8 995 678	8 557 981

Note 1 - Avskrivning på varige driftsmiddel

Etter avtale med revisor er tilskot til dei ulike anlegga førte saman med anlegga.

Konto	Kontonamn	IB	Endring	Saldoavskr	Beløp	UB
1100	Skihytta	24 798	39 945	4%	2 590	62 154
1101	Kiosk/lager/speakerbu	37 572		4%	1 503	36 069
1102	Kleppa utbygging	84 861	37 288	4%	4 886	117 263
1104	Ballbinge/ballvegg	116 282		4%	4 651	111 631
1106	Kunstgrasbane	134 762		4%	5 390	129 372
1109	Friidrettsstadion	4 285 412		4%	171 416	4 113 996
1209	Utstyr friidrettsstadion	306 486	70 496	4%	15 079	361 903
1238	Syrilbussen	886 013		20%	177 203	708 811
1240	Trakkemaskin	141 342		20%	28 268	113 073
	Totalt	6 017 528	147 729		410 986	5 754 272

NOTAR 2025

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigedelar bestemd til varig eige eller bruk. Eigedelar som er knytt til varekretsløpet er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar blir klassifiserte som omløpsmidlar viss dei forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende blir gjeld klassifisert som kortsiktig viss gjelda forfell til betaling innan eitt år.

Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurderte til innkjøpskost. Varige anleggsmidlar blir avskrivne etter ein fornuftig avskrivingsplan. Anleggsmidlane blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjord på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir balanseført og blir avskrive over levetida til driftsmidla dersom dei har anteke levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 30 000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostnader eller forbetringar blir tillagde kostprisen til driftsmiddelet og blir avskrivne i takt med driftsmiddelet.

Følgjande rekneskapsprinsipp er brukt:

Leigeavtalar er ikkje balanseførte.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2024 til 2025.

Talet på årsverk

Selskapet har ikkje hatt tilsette i løpet av rekneskapsåret.

REVISORMELDING

Idrettslaget Syril – revisjon av rekneskapen for 2025

Me har revidert årsrekneskapet for Syril som viser eit overskot på kr 311 827. Årsrekneskapen består av balanse pr 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret og noteopplysingar. I samband med revisjonen har me føreteke ein gjennomgang av hovudbok med bilag pr 31.12.2025. Vår gjennomgang omfattar ikkje kontroll av alle bilag, men er avgrensa til postar og område som er viktige for å vurdere den interne kontrollen i organisasjonen. Me har og vurdert interne rutinar, avtaleverk, rekneskapsprinsipp og generell kvalitet på bilaga, samt rekneskapsføringa av dei.


Ein er klar over at terskelen for dokumentering nødvendigvis er lågare i eit idrettslag enn til dømes i eit aksjeselskap. Våre stikkprøver av dokumentasjonen av inntektene og kostnadene viser tilfredsstillande kvalitet.

Konklusjon:

Me meiner at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget.

Leikanger 16.02.2026


Tony Borlaug


Udvin Einar Skarsbø

